

**Museumsdag på Rød 20. august****13.07.2006**

Det vert enno ein gong museumsdag på Rød,- i år lagt til søndag 20. august. Tema i år er Feavl og meieribruk i Kvinnherad. Det høver godt for Berge Sæberg har skrive bok om dette. Han vert med på museumsdagen og vil fortelja om oppstarten og utviklinga i Kvinnherad.

Uskedalen vert framheva som den bygda som var tidleg ute med organisert meieridrift. Det vert ein enkel utstilling av det utstyret ein har brukt på meieria og ved fjøskontrollen. Berge Sæberg var i mange år overassistent mens vår eigen Bjørgulv Eik har vore og er fjøskontrollør.

Det vert elles friluftsgudsteneste ved Gjedrem, matsal og mykje meir. Set av dagen søndag 20. august.